



MØTEPROTOKOLL

Utval: Naturutvalet
Møtedato 01.10.2019
Møtetid: Kl. 15:00 - 18:00
Møtestad: Kommunehuset

Av 9 medlemmer møtte 8, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer møtte:	Parti:
Gunn Østvik Petersen	A
Vidar Tveiterås	A
Anja Elisabeth Gjerde Markhus	BL
Martin Haugen	BL
Ingvild Raftevoll Bogevik	FRP
Karl Bård Kollbotn	FRP
Sture Tveit	H
Gunn Totland Moss	KRF

Desse medlemene møtte ikkje:	Parti:	I staden møtte:	Parti:
Jon Magne Bogevik	UAVH	Ingen	

Møtenotater:

Jon Magne Bogevik møtte ikkje, og det var ikkje vara til stades.

Andre som var med på møtet:

- Fungarande ordførar Øyvind Røen (Sp)
- Ass.rådmann Hilde-Lill Våge
- Planleggar Ragnhild Lønningdal

Utvalet var på synfaring i samband med handsaming av sak 18/2019

Møteleiar:	Karl Bård Kollbotn
Møtesekretær:	Hilde-Lill Våge

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 02.10.2019

Karl Bård Kollbotn
møteleiar

Hilde-Lill Våge
assisterande rådmann

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
016/2019	19/857	Faste saker	
018/2019	19/451	Handsaming av søknad om dispensasjon frå byggjegrense mot vassdrag - Gbnr. 18/49	
017/2019	18/1041	Endeleg vedtak av reguleringsplan for Børdalen næringsområde	
019/2019	19/731	Oppstart av reguleringsendring - Områdereguleringsplan for Bjørkheimsområdet	
020/2019	18/1585	Uttale til offentleg ettersyn av Os kommune sin arealplan 2019-2030	

SAKNR. 016/2019: Faste saker

01.10.2019 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Det var ikkje merknad til innkalling og sakliste.

Protokollen frå førre møte vart godkjent.

Det var ikkje merkand til delegerte vedtak/referatsaker.

Utvalet sitt kvarter.

Sture Tveit (H) stilte følgjande spørsmål:

1) Det er vedteke ein skilt og parkeringsplan. Kva er status for oppsetting av skilta ?

- Ass.rådmann svara at skilta som gjeld adresse til fritidsbustader er sett opp. Det står at å få sett opp skilta som viser underadressering. Desse vil kome på plass i løpet av hausten. Når det gjeld parkeringsskilta må det ei løyving å budsjettet 2020 som finansierer tiltaket.

2) På Lønnebakken står det att ein vegstubb utan veglys (Lønnebakken 83 og 79).

Vegen er kommunal og det er ønskje frå dei som bur der om å få veglys.

- Ass.rådmann orienterte om at veglys og utskifting av desse er prioritert i økonomiplanen i 2020. Teknisk drift har ønskje om å få tiltaket vidareført i budsjettet for 2020 , og skal då vurdere behov for veglys langs kommunale vegar.

3) I Totræna vart det for ei tid tilbake gjeve dispensasjon frå reguleringsplankrav i

fritidsbustadområde til å byggja ei hytte på ein eksisterandre fråskild parsell.

Det vart då stilt som vilkår at ein må delta i eit framtidig veglag på Totrævegen.

Representanten Tveit stilte spørsmål om kvifor dette vilkåret ikkje var teke med i løyve til å byggja tilbygg på ei anna hytte i det same området.

- Ass.rådmann orienterte om at alle som har eigedom langs Totrævegen vil verte invitert til å vera med i eit veglag. Kommunen, skigruppa og nokon av grunneigarane var positiv til dette. Skigruppa har teke kontakt med kommunen og ønskjer at vi gjer eit nytt forsøk. Det vil då vera naturleg at hytteeigarar og vert invitert. Planleggar Ragnhild Lønningdal orienterte og at det ikkje er høve til å gje slike føringar ved løyve til tiltak som kan byggjast utan dispensasjon, slik som tilbygget i dette tilfellet.

Vidar Tveiterås (Ap) stilte spørsmål om status for vedlikehaldet som er planlagt over Tveitaflatane.

- Ass.rådmann orienterte om at brua og så langt midlane rekk, vil verte utbetra og reasfaltert i 2019. Resten av strekinga vil verte prioritert i 2020. Teknisk drift omdisponerte til utbetringstiltak på Nyutløtrævegen rundt 1 million frå vedlikehaldspotten dei har fått i 2019. Nyutløtrævegen vart overført tilbake til kommunal drift i kommunestyremøtet i juni i år. Verneombodet har på bakgrunn av manglande HMS-tiltak stoppa brøyting på denne vegen utført av tilsette i eininga. Nødvendige tiltak knytt til HMS vart difor sett i gang snarast mogleg, slik at vegen kunne vera klar til vintersesongen. Tiltaka vil vera utført i løpet av oktober, og verneombodet sluttar seg til desse. I følge økonomireglementet til kommunen skal omprioritering av midlar til kommunestyrehandsaming før tiltak vert sett i gang. Kommunestyret har møte først no i oktober og administrasjonen beklagar at tiltaka vart sett i verk utan godkjenning for omdisponering av midlar.

Gunn Petersen (Ap) stilte spørsmål om status for gangveg Hagabotnane, og om det er regulert for

denne vegen ?

- Planleggjar orienterte om at turveg frå Hagabotnane ikkje er lagt inn i KPA (arealplanen). Ass.rådmann orienterte om at det ikkje har lyktes kommunen å få avtale med grunneigar der den kortaste traseen kan gå (langs VA-ledninga). Kommunen har avtale med annan grunneigar om ein lengre og dyrare trase. Denne treng no finaisiering før den vert sett i gang, og vert difor lagt inn som tiltak i budsjettet for 2020.

NAT- 016/2019 Vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 018/2019: Handsaming av søknad om dispensasjon frå byggjegrænse mot vassdrag - Gbnr. 18/49

01.10.2019 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Utvalet gjennomførte synfaring på gnr 18/49 før handsaming av saka.

Utvalet drøfta saka. Administrasjonen orienterte utvalet om at utbygger (kommunen) har bestilt ein tilleggsrapport på kva konsekvenser muren utbygger har bygt i bekken vil få for bekkefare til gnr 18/49.

Det var ønske frå utvalet at dette er ein geoteknisk rapport slik at utvalet kan ha den som grunnlag i samband med handsaming av saka.

Sture Tveit (H) sette fram framlegg om å utsette saka til det ligg føre endeleg geoteknisk rapport. Det vart røysta over utsettingframlegget. 6 røysta for utsetting og 2 røysta i mot. Saka vart utsett.

For utsetting	Imot utsetting
---------------	----------------

Sture Tveit (H)	Kalr Kolbotn (Frp)
Vidar Tveiterås (AP)	Gunn Totland Moss(Krf)
Gunn Peteresen (Ap)	
Ingvild R.Bogevik (Frp)	
Anja Elisabeth G.Markhus (Bl)	
Martin Hagen (Bl)	

NAT- 018/2019 Vedtak:

Saka vart utsett.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Med heimel i pbl § 19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå byggjegrænse langs vassdrag (pbl § 1-8 og kommuneplanens arealdel pkt. 13.4 og 13.5) til etablering av voll med beplanting.

Grunngjeving for vedtaket:

Ut i frå ei samla vurdering finn ein at omsyna i pbl § 1-8 og kommuneplanens arealdel pkt. 13.4 og 13.5 vert vesentleg tilsidesett, og at fordelane ved å gje dispensasjon ikkje er større enn ulempene.

Det er vurdert at ein voll av dei dimensjonar som er skissert i søknaden, går langt ut over den hensikt den er meint å ivareta med omsyn på både innsynsreduksjon og redusert nærverknad for gbnr. 18/49. Utstrekninga mot nord og mot bekkedanten synest å vera overflødig ut i frå eit innsynsreduserande perspektiv, samstundes som det gjev negative verknader for landskap, kantvegetasjon og for bebruarane på motsett side. Der er også uavklarte faretilhøve knytt til nærleiken til bekken.

Etter ei alternativvurdering meiner me at det kan etablerast like god innsynsreduksjon ved å auka beplantninga i skråningen mellom dei to plenareala, gjerne i kombinasjon med ei beskjedne jordpåfylling av skråningen. Innslag av bartre vil gje skjerming heile året. Dette kan gjerast utan å koma i konflikt med 5 meters byggjegrænse langs bekken. Dette gjeld også eventuell oppføring av leveggar.

Fylkesmannen har uttalt seg negativt til dispensasjon i denne saka, og i tråd med pbl. § 19-2, 4. ledd bør kommunen då ikkje gjera vedtak om å gje dispensasjon.

SAKNR. 017/2019: Endeleg vedtak av reguleringsplan for Børdalen næringsområde

01.10.2019 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Utvalet slutta seg til tilrådinga.

Utsegna "tatt til vitande" vart drøfta og er jamnstilt med "tatt til orientering".

NAT- 017/2019 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-12 vert detaljreguleringsplan for Gnr. 35 bnr. 4 m.fl. Børdalen næringsområde endeleg vedteken.

PlanID er 1242201801, og planmaterialet består av følgjande juridisk bindande dokument, jf. pbl § 12-1 første ledd:

- Plankart, datert 11.09.19
- Føresegner, datert 11.09.19

Grunnlagsmaterialet er som følgjer:

- Planskildring, datert 11.09.19
- Merknadsskjema, datert 11.09.19
- Perspektiv av dagens situasjon og plangrepet, datert 03.06.19
- ROS-analyse, datert 11.09.19
- Trafikkanalyse, datert 03.06.19
- Presentasjon av Alt. 1 og Alt. 2 i konsekvensutgreiinga, datert 03.06.19
- Landskapsanalyse, datert 03.06.19
- Konsekvensutredning for naturmangfold, datert 30.04.19
- Flom- og skredfarevurdering, datert 25.10.18
- Vurdering av mulige sikringsløsningar, datert 11.01.19

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-12 vert detaljreguleringsplan for Gnr. 35 bnr. 4 m.fl. Børdalen næringsområde endeleg vedteken.

PlanID er 1242201801, og planmaterialet består av følgjande juridisk bindande dokument, jf. pbl § 12-1 første ledd:

- Plankart, datert 11.09.19
- Føresegner, datert 11.09.19

Grunnlagsmaterialet er som følgjer:

- Planskildring, datert 11.09.19
- Merknadsskjema, datert 11.09.19
- Perspektiv av dagens situasjon og plangrepet, datert 03.06.19
- ROS-analyse, datert 11.09.19
- Trafikkanalyse, datert 03.06.19
- Presentasjon av Alt. 1 og Alt. 2 i konsekvensutgreiinga, datert 03.06.19
- Landskapsanalyse, datert 03.06.19
- Konsekvensutredning for naturmangfold, datert 30.04.19
- Flom- og skredfarevurdering, datert 25.10.18
- Vurdering av mulige sikringsløsningar, datert 11.01.19

SAKNR. 019/2019: Oppstart av reguleringsendring - Områdereguleringsplan for Bjørkheimsområdet

01.10.2019 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Utvalet drøfta avgrensinga av planen og omdisponering av dyrka mark.

Utvalet slutta seg til følgjande merknad til planarbeidet:

Vi rår til å unngå å omdisponere dyrka mark og myrområde til andre føremål.

NAT- 019/2019 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §12-14 vert det starta opp reguleringsendring av «Områdereguleringsplan for Bjørkheimsområdet, planID 1242201001».

Endringa vil følgja vanlege reglar for utarbeiding av reguleringsplan i tråd med pbl § 12-14 første ledd. Planområdet vert utvida slik det er synt i figur 1-4 i denne saksutgreiinga.

Det er vurdert at det ikkje ligg føre konsekvensutgreiingsplikt etter forskrift om konsekvensutredningar, jf. rettleiar frå Klima- og miljødepartementet «*Når skal tiltak i vedlegg II konsekvensutrednes? Vurdering etter § 10 i forskrift om konsekvensutredningar*».

For grunngjeving til vurderinga syner ein til saksutgreiinga, og at det blir lagt opp til ei grundig planskildring som tek føre seg konsekvensar av nye reguleringar innanfor området.

Merknad: Vi rår til å unngå å omdisponere dyrka mark og myrområde til andre føremål.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §12-14 vert det starta opp reguleringsendring av «Områdereguleringsplan for Bjørkheimsområdet, planID 1242201001». Endringa vil følgja vanlege reglar for utarbeiding av reguleringsplan i tråd med pbl § 12-14 første ledd. Planområdet vert utvida slik det er synt i figur 1-4 i denne saksutgreiinga. Det er vurdert at det ikkje ligg føre konsekvensutgreiingsplikt etter forskrift om konsekvensutredningar, jf. rettleiar frå Klima- og miljødepartementet «*Når skal tiltak i vedlegg II konsekvensutrednes? Vurdering etter § 10 i forskrift om konsekvensutredningar*». For grunngjeving til vurderinga syner ein til saksutgreiinga, og at det blir lagt opp til ei grundig planskildring som tek føre seg konsekvensar av nye reguleringar innanfor området.

SAKNR. 020/2019: Uttale til offentleg ettersyn av Os kommune sin arealplan 2019-2030

01.10.2019 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Utvalet slutta seg til tilråding til uttale.

NAT- 020/2019 Vedtak:

Samnanger kommune har merknadar til Os kommune sin arealdel til kommuneplanen 2019-2030 når det gjeld arealbruk i sjø. For Samnanger kommune er det bruken av Samnangerfjorden som er viktig, av di dette er ein terskelfjord med relativt treig vassutskifting, og det har dei seinare år (2017, 2018)

kome forskingsresultat som syner svært negativ påverknad på overlevinga til villakssmolt i fjordsystemet. Gjeldande arealplankart har fire område for akvakultur i Samnangerfjorden/Fusafjorden; Aspevika, Lønningdal, Rødskjæra og Skavhella, og framlegg til nytt arealplankart syner utvidingar av to av desse områda. Temaet akvakultur er ikkje omtala i planskildringa, slik at der er umogleg å lesa ut kva kriterium ein har lagt til grunn for handsaming av temaet, og korleis ein har utforma føresegner og retningsliner. Jf. pbl § 4-2 om krav til planskildring.

I dokumentet «Føresegner og retningsliner» er dei føresegnene som er dei juridisk bindande medan retningslinene berre er retningsgjevande. I plankartet er dei eksisterande områda avmerkte med bokstaven A, medan dei områda som har arealføremålet framtidig akvakulturområde er avmerkte med bokstavane Ay. I føresegnsdokumentet finn me følgjande retningsline:

«Indre avgrensingsområde (A) gjeld havoverflata, alle flytande delar av anlegget skal plasserast innanfor innte avgrensingsområde. Ytre avgrensingsområdet (Ay) gjeld vassøyle og havbotn og all fortøyning og forankring skal vere innanfor ytre avgrensingsområde. Ved val av oppdrettslokalitet er det viktig å ta omsyn til følgjande faktorar: temperatur, salinitet, straumtilhøve og vassutskifting, land og botntopografi, bølger, vind, is, ureiningstilhøve.»

Me finn det som ein klår mangel at slike store akvakulturområde er føreslege teke inn i arealplankartet utan bindande føresegner. Det betyr i praksis at dei ytre avgrensingsområda enkelt kan takast i bruk til akvakultur på sikt. Vidare har ein kome skeivt ut med å skilja mellom overflate og vassøyle/havbotn; slik retningslina er formulert no så er det i A-områda berre dei flytande installasjonane som er i tråd med planen, alt av merdar og fortøyningar i vassøyla og på botnen er ikkje i tråd med retningslina.

I konsekvensutgreiinga er dei to innspela til Ay-områda skildra på følgjande måte:

Rødskjæra (3.23.4 Hegglandsdalen 252):

«Ønskjer å utvide AK-området for nytt anlegg + fortøyning.»

Skavhella (3.23.3 Hegglandsdalen 249):

«Ønskjer å utvide AK-området for nytt anlegg 200 meter mot søraust + fortøyning.»

Ut i frå desse skildringane oppfattar me eit klart ynskje og intensjon om å etablere nye/større anlegg på desse etablerte lokalitetane. Konsekvensutgreiingane konkluderer med ingen vesentlege negative konsekvensar/konfliktpotensial og begge lokalitetane vert tilådd teke inn i arealplanen. Konsekvensutgreiingane baserer seg på kjend kunnskap, og slår berre fast at sjøområda ikkje er undersøkte for marine verdiar, utan nokon vidare skildringar av konsekvensane av akvakultur. Me meiner konsekvensane for fjorden ikkje er godt nok skildra. Det er mykje ein kan sei om konsekvensane av akvakultur for ein fjord, utan at ein nødvendigvis har gjennomført ei kartlegging av marine verdiar i området.

Planskildringa til arealplanen inneheld ingenting om temaet akvakultur, men retningslinene i føresegnsdokumentet seier vidare:

«Nye oppdrettsanlegg skal heller ikkje plasserast nærare enn 200 meter frå sikra friluftsområde, sakra naturvernområde eller kulturminne av særskilt høg eller høg verneverdi. Lokaliseringa skal heller ikkje skje i regulerte, oppmerka skipsleier eller unødig stenge gamle ferdselsveggar. Leiene i plankartet må oppfattast som ei opplysning om at det går ei lei i farvatnet, og angir ikkje omfanget av leia. Oppdrettsanlegg eller andre faste installasjonar må ikkje plasserast i "kvit sektor".»

Det skal satsast på berekraftig vekst der det vert lagt vekt på miljøvenleg produksjon, overvaking, kontroll og kunnskap.

Det skal leggest vekt på å redusere konflikter med andre

interesser ved å satse på samlokalisering, optimal plassering og god utforming/estetikk,

redusere lyd- og lysforureining og dessutan heile vegen jobbe for å redusert utslepp og minske bruk av kjemikaliar og lækjemiddel. Det må satsast på å redusere problemet med lakselus og å hindre rømming slik at ein minskar trugsmåla mot villaksstammene.

Dette vitnar om gode intensjonar, men me meiner at for å balansera ein slik sterk bransje som oppdrettsnæringa er, så må ein gjera intensjonane juridisk bindande gjennom føresegnene. Her kan me nemna Fusa kommune sin nyleg vedtekne kommunedelplan for akvakultur i sjø som eit godt døme. Her har dei m.a. brukt % BYA (utnyttingsgrad «bebygd areal») for kvart akvakulturområde for å bestemma kor store anlegg som kan etablerast der. Konsekvensutgreiingane som låg til grunn for planen var også svært grundige.

Samnanger kommune meiner at temaet akvakultur ikkje er godt nok utgreidd og skildra i Os kommune sitt framlegg til ny arealdel 2019-2030. Der er vesentlege manglar i konsekvensutgreiing, planskildring og føresegner.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune har merknadar til Os kommune sin arealdel til kommuneplanen 2019-2030 når det gjeld arealbruk i sjø. For Samnanger kommune er det bruken av Samnangerfjorden som er viktig, av di dette er ein terskelfjord med relativt treig vassutskifting, og det har dei seinare år (2017, 2018) kome forskingsresultat som syner svært negativ påverknad på overlevinga til villakssmolt i fjordsystemet. Gjeldande arealplankart har fire område for akvakultur i Samnangerfjorden/Fusafjorden; Aspevika, Lønningdal, Rødskjæra og Skavhella, og framlegg til nytt arealplankart syner utvidingar av to av desse områda. Temaet akvakultur er ikkje omtala i planskildringa, slik at der er umogleg å lesa ut kva kriterium ein har lagt til grunn for handsaming av temaet, og korleis ein har utforma føresegner og retningsliner. Jf. pbl § 4-2 om krav til planskildring.

I dokumentet «Føresegner og retningsliner» er det føresegnene som er dei juridisk bindande medan retningslinene berre er retningsgjevande. I plankartet er dei eksisterande områda avmerkte med bokstaven A, medan dei områda som har arealføremålet framtidig akvakulturområde er avmerkte med bokstavane Ay. I føresegnsdokumentet finn me følgjande retningsline:

«Indre avgrensingsområde (A) gjeld havoverflata, alle flytande delar av anlegget skal plasserast innanfor innte avgrensingsområde. Ytre avgrensingsområdet (Ay) gjeld vassøyla og havbotn og all fortøyning og forankring skal vere innanfor ytre avgrensingsområde. Ved val av oppdrettslokalitet er det viktig å ta omsyn til følgjande faktorar: temperatur, salinitet, straumtilhøve og vassutskifting, land og botntopografi, bølger, vind, is, ureiningstilhøve.»

Me finn det som ein klår mangel at slike store akvakulturområde er føreslege teke inn i arealplankartet utan bindande føresegner. Det betyr i praksis at dei ytre avgrensingsområda enkelt kan takast i bruk til akvakultur på sikt. Vidare har ein kome skeivt ut med å skilja mellom overflate og vassøyle/havbotn; slik retningslina er formulert no så er det i A-områda berre dei flytande installasjonane som er i tråd med planen, alt av merdar og fortøyningar i vassøyla og på botnen er ikkje i tråd med retningslina.

I konsekvensutgreiinga er dei to innspela til Ay-områda skildra på følgjande måte:

Rødskjæra (3.23.4 Hegglandsdalen 252):

«Ønskjer å utvide AK-området for nytt anlegg + fortøyning.»

Skavhella (3.23.3 Hegglandsdalen 249):

«Ønskjer å utvide AK-området for nytt anlegg 200 meter mot søraust + fortøyning.»

Ut i frå desse skildringane oppfattar me eit klårt ynskje og intensjon om å etablere nye/større anlegg på desse etablerte lokalitetane. Konsekvensutgreiingane konkluderer med ingen vesentlege negative konsekvensar/konfliktpotensial og begge lokalitetane vert tilådd teke inn i arealplanen.

Konsekvensutgreiingane baserer seg på kjend kunnskap, og slår berre fast at sjøområda ikkje er undersøkte for marine verdiar, utan nokon vidare skildringar av konsekvensane av akvakultur. Me meiner konsekvensane for fjorden ikkje er godt nok skildra. Det er mykje ein kan sei om konsekvensane av akvakultur for ein fjord, utan at ein nødvendigvis har gjennomført ei kartlegging av marine verdiar i området.

Planskildringa til arealplanen inneheld ingenting om temaet akvakultur, men retningslinene i føresegsdokumentet seier vidare:

«Nye oppdrettsanlegg skal heller ikkje plasserast nærare enn 200 meter frå sikra friluftsområde, sikra naturvernområde eller kulturminne av særskilt høg eller høg verneverdi. Lokaliseringa skal heller ikkje skje i regulerte, oppmerka skipsleier eller unødig stenge gamle ferdselsvegar. Leiene i plankartet må oppfattast som ei opplysning om at det går ei lei i farvatnet, og angir ikkje omfanget av leia.

Oppdrettsanlegg eller andre faste installasjonar må ikkje plasserast i "kvit sektor".»

Det skal satsast på berekraftig vekst der det vert lagt vekt på miljøvenleg produksjon, overvaking, kontroll og kunnskap. Det skal leggjast vekt på å redusere konflikter med andre interesser ved å satse på samlokalisering, optimal plassering og god utforming/estetikk, redusere lyd- og lysforureining og dessutan heile vegen jobbe for å redusert utslepp og minske bruk av kjemikalier og lækjemiddel. Det må satsast på å redusere problemet med lakselus og å hindre rømming slik at ein minskar trugsmåla mot villaksstammene.

Dette vitnar om gode intensjonar, men me meiner at for å balansera ein slik sterk bransje som oppdrettsnæringa er, så må ein gjera intensjonane juridisk bindande gjennom føresegnene. Her kan me nemna Fusa kommune sin nyleg vedtekne kommunedelplan for akvakultur i sjø som eit godt døme. Her har dei m.a. brukt % BYA (utnyttingsgrad «bebygd areal») for kvart akvakulturområde for å bestemma kor store anlegg som kan etablerast der. Konsekvensutgreiingane som låg til grunn for planen var også svært grundige.

Samnanger kommune meiner at temaet akvakultur ikkje er godt nok utgreidd og skildra i Os kommune sitt framlegg til ny arealdel 2019-2030. Der er vesentlege manglar i konsekvensutgreiing, planskildring og føresegner.